

Region Nordhordland IKS

Arkoconsult AS

Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

101555/2022073

04.05.2023

Merknad til 2. gangs høyring og offentlig ettersyn – Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Region Nordhordland IKS har kunngjort 2. gangs høyring og offentlig ettersyn av Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland (IKP SJØ NH). Fristen for å sende merknad til planen er 14. mai 2023. På vegne av Reigstadvegen 125 AS ynskjer vi no å kome med merknad til planen.

I samband med 1. gangs høyring og offentlig ettersyn sendte vi inn eit arealinnspelet til planen på vegne av Reigstadvegen 125 AS. I forkant av innsendinga vart det avklart med rådgjevar frå Regionrådet (Dolmen) at ein var velkomne til å fremme innspel til nye arealføremål i samband med 1. gangs høyring og offentlig ettersyn.

I innspelet som vart sendt inn til IKP SJØ NH, datert 05.12.2022, vart det fremma eit ynskje om at det vert regulert areal til ny småbåthamn i sjøarealet tilgrensande gbnr. 146/17, Osterøy kommune. Innspelet til IKP SJØ NH vart sendt som ein naturleg oppfølging til eit anna arealinnspelet som vart sendt i forbindelse rulleringa av KPA for Osterøy. I samband med rulleringa av KPA vart det i juni 2022 sendt inn eit innspel for gbnr. 146/17, der det vart fremma ynskje om at eigedomen reguleraast til bustad, eller eit kombinert føremål med næring, for å legge til rette for til dømes reiselivsverksemd. Forslaget om ny småbåthamn vart ikkje inkludert i innspelet til KPA, då det som hovudregel ikkje vart opna for arealinnspelet i tilknytning til sjø – og strandsona, i samband med rulleringa av KPA for Osterøy.

I plandokumenta som no er vedtatt lagt ut til offentlig ettersyn ser ein at innspelet ikkje er teke til følge. Svaret til merkningen er svært kort, og grunngjevinga for at innspelet ikkje er teke til følge er at innspelet ikkje er i samsvar med KPA.

Forholdet mellom IKP SJØ NH og vedtekne kommuneplanar (KPA) er omtala i planforslagets føresegner, kap. 1.3. IKP SJØ NH gjeld ved motstrid framfor KPA for Osterøy 2011-2023. Slik ein tolkar føresegna, opnar det for at ein kan tillate arealføremål i IKP SJØ NH som er i strid med gjeldande kommuneplan. Ein set derfor spørsmålsteikn ved den enkle vurderinga som er lagt til grunn for at innspelet til IKP SJØ NH ikkje er teke til følge.

Som nemnt vart det i hovudsak ikkje opna for arealinnspelet i tilknytning til sjø – og strandsona, i samband med rulleringa av KPA for Osterøy. Dersom ein heller ikkje kan kome med innspel i strid med gjeldande KPA i samband med planarbeidet for IKP SJØ NH, ser ein at ein i praksis ikkje har

hatt moglegheita til å foreslå nye område for småbåthamn i Osterøy kommune. Dette er etter vår meining ein uheldig situasjon.

Landareala ligg i dag med arealføremålet *næringsbygningar* i gjeldande KPA for Osterøy kommune. Det er ein lagerbygning på eigedomen i dag, som nyttast i forbindelse med Arkoconsult AS si verksemd, men ein ser at området har potensiale for framtidig utvikling. Det er ikkje laga nokon konkrete planar for framtidig bruk av eigedomen, men næringsverksemd som til dømes reiseliv kan vere relevant å vurdere. Moglegheita til å etablere ny småbåthamn i tilknytning til eigedomen vil då vere ein stor fordel. Som nemnt i innspelet er området allereie tilrettelagt med båtslipp. Ein kan ikkje sjå at etablering av ny småbåthamn vil vere i vesentleg konflikt med omsynet til verken naturtilhøve, kulturtilhøve, friluftsliv, infrastruktur, ulukkesrisiko m.m. Vurderingane som er lagt til grunn for dette finn ein i innspelet som vart sendt inn i desember 2022.

På bakgrunn av ovannemnte forhold, ber ein om at innspelet som vart sendt i samband med 1. gangs høyring og offentleg ettersyn, datert 05.12.2022, vert vurdert på nytt.

Dersom det skulle være behov for ytterlegare informasjon om saken, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post for raskt svar.

Med vennlig hilsen/Best Regards

Ane Netland Rolland
Arealplanlegger

Direkte: +47 47855616 | Felles: +47 56390003

E-post: ane@arkoconsult.no | www.arkoconsult.no